

Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 25.05.2021

Arve Helle (A) sette på vegner av A, SV, Sp, MDG, SV og Frp fram slikt forslag:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til det omfattande etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane og vil sterkt understreke eit stort behov for auka rammer til veg og øvrig infrastruktur.

Utvalet minner vidare om at tunnelforskrifta medfører store utgifter for Vestland som ein er heilt avhengig av å få kompensert for å kunne følgje opp denne forskrifta.

Utvalet vil også peike på ekstrakostnadene i samband med det grønne skiftet i transportsektoren. Her har Vestland teke ansvar og gått i front. Dette har gitt auka utgifter som vi har klare forventningar til at Staten kompenserer for.»

Avrøysting

Helle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

Hovudutval for samferdsel og mobilitet viser til det omfattande etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane og vil sterkt understreke eit stort behov for auka rammer til veg og øvrig infrastruktur. Utvalet minner vidare om at tunnelforskrifta medfører store utgifter for Vestland som ein er heilt avhengig av å få kompensert for å kunne følgje opp denne forskrifta.

Utvalet vil også peike på ekstrakostnadene i samband med det grønne skiftet i transportsektoren. Her har Vestland teke ansvar og gått i front. Dette har gitt auka utgifter som vi har klare forventningar til at Staten kompenserer for.